Fylkesmannen i Vestland

Stad:
Leikanger
Dato:
10.12.2020

Vår ref.(oppgi ved svar):
19/3032
Dykkar ref.:

Norsk gjenvinning as avd. Førde
Flov. 1
6800 Førde

Sakshandsamar::
Gøsta Hagenlund 5764 3121

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Norsk gjenvinning as avd. Førde
Kontrollnummer: 2020.126.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Geir Nedrebø, Stig Aamelfot, Jon B. Solheim, Tore Sørbø

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Gøsta Hagenlund og Astrid Holte
Frå Sunnfjord brann og redning:
Magnus Pilskog Stein, Roy Arne Solvåg-Hellevang

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Norsk gjenvinning as avd. Førde den 28.10.2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland og Sunnfjord brann og redning fann 5 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen.
Avvik:

1. Internkontrollen har nokre manglar
2. Eigaren av bygget har ikkje sytt for at bygningsdelar, installasjonar og utstyr i bygget som skal oppdage brann eller avgrense konsekvensane av brann, vert kontrollerte og vedlikehalde slik at dei fungerer som føresett
3. Eigar har av bygget kjenner ikkje krava til brannsikkerheit som gjeld for bygget
4. Verksemda har ikkje forsvarleg handtering av alt farleg avfall
5. Avvatningspraksis av sand/slam/vassfase frå oljeutskiljar er ikkje i tråd med regelverket

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Gøsta Hagenlund	Sissel Storebø
sjefingeniør	seksjonsleiar

Kopi til: Sunnfjord kommune, ved Sunnfjord brann og redning

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Norsk gjenvinning as avd. Førde	
Organisasjonsnr.: 988551880	**Eigd av:** 937270062
Bransjenr. (NACE-kode): 38.320	

Kontrollert eining

Namn: Norsk gjenvinning as avd. Førde	**Anleggsnr.:** 4647.0001.01 (farleg avfall) 4647.0001.04 (kasserte køyretøy) 4647.0001.02 (ordinært avfall)
Kommune: Sunnfjord	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: 5.5	
Løyve gitt: 18.8.1998	**Sist endra:** 17.12.14

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet er del av ein landsomfattande tilsynsaksjon med brannar i avfallsanlegg. Målet med aksjonen er å redusere brannar og miljøverknadene av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene arbeider forsvarleg med førebyggande arbeid for å hindre at brann oppstår, og å redusere miljøverknadene om brann oppstår.

Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) koordinerer aksjonen. Miljødirektoratet og Fylkesmannen fører tilsyn med forureiningslova og tilhøyrande forskrifter, medan brann- og redningsvesenet fører tilsyn med krava i brann- og eksplosjonsvernlova og forskriftene om brannførebygging og handtering av farleg stoff. Internkontrollforskrifta er heimla i begge lovene.

Tilsynet er gjennomført i medhald av forureiningslova § 48, brann- og eksplosjonsvernlova § 13 og forskrift om farleg stoff § 23.

Inspeksjonstema

- Styringssystem, kompetanse og risikoanalysar
- Om avfallsfraksjonane, under dette farleg avfall, vert oppbevart forsvarleg og brannsikkert
- Brannsikkerheit i byggverk, produksjon, transportmiddel eller annan innretning
- Plikt til å unngå forureining og løyve frå Fylkesmannen

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart påvist under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller det brannførebyggande arbeidet til verksemda.

Avvik frå forureiningsregelverket innan andre tema som vart påvist under synfaringa er også omtalt i rapporten.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Norsk gjenvinning as avd. Førde pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen og Sunnfjord brann og redning skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **1. mars 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda innan same dato sender inn ei kort utgreiing av korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Gøsta Hagenlund og til Sunnfjord brann og redning (postmottak@sunnfjord.kommune.no) ved Magnus Pilskog Stein.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 25.9.20. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av venta ressursbruk må Norsk gjenvinning as avd. Førde betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varar inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Avvik 1 Internkontrollen har nokre manglar

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 6

Kommentarar til regelverket:
Miljørisikovurdering – internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6
Verksemda skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunnen vurdere risiko for miljøet. Der risiko vert vurdert som større enn verksemda sine akseptkriteriar, må det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikoen. Risikovurderinga må omtale alle aktivitetar som kan ha noko å seie for det ytre miljøet.

Verksemder som kan påverke kvarande eller ha ein samla, negativ verknad på områda rundt verksemdene, må vurdere behov for samordning av internkontroll som del av risikovurderinga.

Avviket er basert på følgande observasjonar:
Risikoanalyse
Analysen omtalar mellom anna ikkje, eller vurderingane er noko mangelfulle når det gjeld

- handtering av sløkkjevatn
- lagringsmengd, lagringsareal og lagringshøgd for avfall på anlegget vurdert opp mot tilrådingane i RISE rapport 2019:61 om "Branner i avfallsanlegg"
- avrenning av motteke brannavfall
- lagring, oversikt og tilgjenge til dei mest brannfarlege delane av det miljøfarlege avfallet ved uønskt hending (m.a. bensin, litiumbatteri, sterkt reaktivt stoff)
- lager for brannfarleg væske: må vurdere om lagercontainer for avtappa drivstoff bør ha lufting. Lagring av olje og drivstoff var i lukka containerar. Dette gir ei opphoping av gassar som kan vere ubehageleg å puste, samt det gir ei auka brannfare. Verksemda kan vurdere å plassere vifter i containeren for å sikre at det er utlufting også på vindstille dagar.
- skilting av container for avtappa drivstoff. Fleire containerar var dårleg merkt.
- omtale av risikoreduserande tiltak på nokre forhold. Tidleg varsling og Industrivern vart til dømes i brannrisikovurderinga vurdert å føre til at risiko for at EE-avfall og batteri i restavfallet i sorteringshall vart redusert frå 25 til 2.
- vurdering av om det er behov for samordning med naboverksemder ved ein eventuell brann

Handlingsplan
Tilvising til Fylkesmannen skal ikkje stå omtalt i framvist handlingsplan.

Øving
Verksemda kan ikkje vise til at dei øver beredskap jamleg mot akutt forureining (jf. også vilkår 8.3 i løyvet).

Avvik 2
Eigaren av bygget har ikkje sytt for at bygningsdelar, installasjonar og utstyr i bygget som skal oppdage brann eller avgrense konsekvensane av brann, vert kontrollerte og vedlikehalde slik at dei fungerer som føresett.

Avvik frå:
Forskrift om brannforebygging § 5 Kontroll og vedlikehold av bygningsdeler og sikkerhetsinnretninger

Avviket er basert på følgande observasjonar:
Det er ingen eigenkontroll av sløkkemiddel på/i byggmassen. Det blir utført service av sløkkemiddel årleg, men dette aleine er ikkje godt nok til å forsikre seg om at branntryggleiken er godt nok ivaretatt. Det må her lagast eit system for eigenkontroll. Vi tilrår at de etterser brannteknisk utsyr og installasjonar kvar 3. månad. Servise kontroll kan inngå som ein del av denne.

Det er sannsyn for at der er fleire manglar i forhold til eigenkontroll. Dette bør/skal vere ein del av eigenkontrollen:

- Branndører. Pakningar skal vere heile og dørene skal gå i lås.
- Etterlysande skilt (fluoriserande). Sjå til at desse er på plass, reine og ikkje skadd. Tilrår at desse plasserast slik at dei har gode lystilhøve. Dette for å sikre at dei lyser slik dei skal dersom straumen vert borte. Eldre skilt tilrår vi også at blir bytta då desse tapar seg over tid.
- Leielys og markeringslys. Dersom dette er aktuelt for bedrifta. Skal vere heile og reine. Kontrollerast med eigen testknapp i samsvar med instruksjonsbok.
- Røykvarslarar. Sjå til at desse er på plass og er heile.
- Branntettingar. Gjennomføringar for kablar og rør mellom brannceller og brannseksjonar må kontrollerast. Tilrår at det er ein fast kontroll årleg, og ein fast kontroll etter arbeid på bygg. Eksempelvis etter ein røyrleggar eller elektrikar har gjort ein jobb.
- Rømmingsvegar. Sjå til at det ikkje er monter eller plassert gjenstandar i rømmingsvegane. Rømmingsvegar er trapperom, gang, korridor, skilta rømmingsvegar og dører

Avvik 3
Eigar har av bygget kjenner ikkje krava til brannsikkerheit som gjeld for bygget.

Avvik frå:
Forskrift om brannforebygging § 4 Kunnskap og informasjon om brannsikkerhet i byggverk

Avviket er basert på følgande observasjonar:

- Rubbhall på ståltomta har ingen dører.
- For den store hallen ved kontordelen er den eine porten merkt for rømming.

Slik vi tolkar regelverket er ikkje portar godkjente rømmingsvegar. Vi tilrår at de forsikrar dykk om at tal rømmingsdører og vegar er tilfredsstilt for begge dei store hallane.

Det er stor byggmasse å ta omsyn til med tanke på branntryggleik. Verksemda har ikkje latt ekstern brannkonsulent kartlegge feil og manglar, krav til oppgradering, samt vurdering av alarmanlegg.

Avvik 4
Verksemda har ikkje forsvarleg handtering av alt farleg avfall.

Avvik frå:
Avfallsforskrifta § 11-5, § 11-8 og § 11-12

Kommentarar til regelverket:
Farleg avfall skal som minimum vere lagra under tak og forsvarleg sikra mot uvedkomande. Det vil seie minimum låst inngjerding, men også at i låst bygning eller i låst container.

Avviket er basert på følgande observasjonar:
- Impregnert trevirke og tønner med farleg avfall var lagra ute.
- Container med svært reaktivt og giftig avfall var lagra i container utan lås.
- Gassflasker var lagra nær drivstoff.
- Blybatteri er stabla med meir enn tre høgder og er ikkje sikra mot fall og knusing. Lagerstaden for blybatteri har sluk som fører til resipient.

Avvik 5
Avvatningspraksis av sand/slam/vassfase frå oljeutskiljar er ikkje i tråd med regelverket.

Avvik frå:
Avfallsforskrifta § 11-5 og vedlegg 4 til kap. 11 i avfallsforskrifta

Kommentarar til regelverket:
Slam frå oljeutskiljarar er i utgangspunktet definert som farleg avfall i avfallstype *13 05 03, fast avfall som *13 05 01 og blanda avfall som *13 05 08. Vatn som vert tappa av i lag med oljefasen (*13 05 06) ved tømming av olje frå oljeutskiljar må handterast av anlegg som kan behandle farleg avfall.

Fylkesmannen hadde inntil 2012 delegert avgjerdsrett til å kunne godta at slam/sand frå oljeutskiljarar kunne sluttdisponerast på deponi i kategori 2 (jf. § 9-5 i avfallsforskrifta). Etter endringa av kap. 11 i 2015 har handtering av dette avfallet vore uklar og ulikt handtert, jf. pkt 3 i vedlegg 4 til kap. 11 i avfallsforskrifta og Miljødirektoratet sin tolking (i 2014) at forbodet mot utslepp av vatn i avsnitt to i dette punktet galdt anna utslepp enn overflatevatn. Fleire deponi tek imot dette avfallet i samsvar med løyve frå Fylkesmannen i vedkomande fylke.

Dersom verksemda meiner at avfallet ikkje er farleg avfall eller ikkje treng å handterast som farleg avfall, må dette dokumenterast og takast opp med Miljødirektoratet for vurdering etter § 11-2 i avfallsforskrifta. Dersom verksemda meiner den flytande delen (overflatevatn frå anna oljeutskiljar eller reint vatn for reingjering) ikkje har miljøfarleg eigenskapar eller inneheld olje over grenseverdiar må dette dokumenterast før ev. annan handtering kan verte vurdert.

Farleg avfall skal som minimum lagrast under tak, jf. pkt 1 bokstav d) i vedlegg 4 til kap. 11 i avfallsforskrifta.

Avviket er basert på følgande observasjonar:
Verksemda avvatnar sand/slam/vatn frå oljeutskiljarar på "ståltomta". Den flytande delen er overflatevatn frå oljeutskiljar annan stad. Verksemda har ikkje dokumentert om den flytande delen er ordinært eller farleg avfall. Flytande del vert leia til kommunalt nett etter oljeutskiljaren på ståltomta, og utslepp frå denne utskiljaren tilfredsstillar krav til oljeinnhald i løyvet. Den faste

delen er i utgangspunktet farleg avfall, og må takast i mot som farleg avfall i EAL-koden *13 05 03 på eit godkjent anlegg. Aktiviteten skjer ute i strid med sikringstiltak som omtalt i vedlegg 4 til kap. 11 pkt. 1, bokstav a) (skal skje under tak).

7. Merknader

Merknad 1 Lagerstader for og oversikt over farleg avfall kan betrast

Kommentar:
Det er søl av diesel ved tappestad for intern drivstoffpåfylling. Det er også søl av olje ved omemballeringshallen for oljehaldig avfall.

Kartskissa som viser lagerstader for farleg avfall er noko utdatert.

Merknad 2 Lite røykvarslarar og mangelfull og til dels dårleg plasserte markeringsskilt for sløkkemiddel

Kommentar:
Det er berre kontordel som er utstyrt med røykvarslarar. Dette er lite for denne typen anlegg. Ein brann på området vil kunne ha store konsekvensar, samt at den kan vere vanskeleg å få kontroll på. Ein brann i avfallsanlegg kan også vere ein ulmebrann. Det vil seie at det kan gå lang tid før ein ser opne flammar og røyk. Vi tilrår at det vert utarbeidd ein plan for detektering av brann både utvendig og innvendig for alle bygg og lagringssoner.

Alle sløkkemiddel må ha tilstrekkeleg merking.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forskrift om brannførebygging
- Forskrift om farleg stoff

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Kart og skisser over brannvern og bygningar
- Beredskapsplan for konsernet
- Risikoanalyse brann
- Miljørisikoanalyse
- Lageroversikt farleg avfall
- Skisse over lager av farleg avfall
- Skisse over avløpsnett og kummar